

**SOGN CYKLEKLUBB**

**Referat:** Styremøte  
**Tid og stad:** Tysdag 24.05.2016  
**Tilstades:** Cathrine Stigen Bøen, Weronica Øvstetun, Erik Sannebro, Sondre Teigen Lillebostad  
**Forfall:** -  
**Referent:** Knut Kjærvik

Saksnr:	Sak:	Ansvar/frist:
2016-03-29 / 1	<p><b>Manglande treningsplan, sportsleg utval og kapteinar gruppe 1,2,3</b></p> <p>Styret har fått tilbakemelding om lite engasjement og driv i forhold til sportsleg utval, treningsplan og kapteinar på laurdagstreningar.</p> <p>Knut legg i fyrste omgang ut ein spørjeundersøking på klubbens nettside om kvifor deltakinga er så låg på laurdagstreningane. Dette for å få nokre avklaringar.</p> <p>Deretter sette opp treningsplan for resten av sesongen, med bakgrunn i tilbakemeldinga som er komme inn.</p> <p>Knut vil ogso legge ut spørsmål om nokon kan ta på seg ansvaret for å vere kaptein laurdagar i gruppe 1,2,3.</p> <p>Klubben har ikkje hatt sportsleg utval i år, som tidlegare, men Sondre Teigen Lillebostad i styret er ansvarleg for sportslege arrangement. Styret vurderer om det er behov for sportsleg utval i år, eller om det blir sak til neste sesong.</p>	Knut
2016-03-29 / 2	<p><b>Kompensering av innsats på dugnad</b></p> <p>Tidlegare har folk på dugnad fått kompensert 100 kr/time, for å ta ut i sykkelklede/-utstyr.</p> <p>Styret har fjerna denne kompensasjonen tidlegare og det blir ikkje gjeninnført då styret meiner dugnad skal være basert på lyst til å bidra, ikkje økonomisk motivert.</p>	Erik
2016-03-29 / 3	<p><b>Tour des fjords 2017</b></p> <p>Sogn CK invitert av ordføraren i Balestrand til informasjonsmøte. Cathrine og Weronica stiller for klubben. I fyrste omgang er det snakk om å få informasjon om etappen som startar i Balestrand.</p>	Cathrine
2016-03-29 / 4	<b>Utleige av klubb-bilen</b>	Knut



	<p>Bør presisere i retningslinjer at bilen skal reserverast 1 veke før utleige.</p> <p>Prioritering av bilen:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1) Til aktive, satsingsritt</li><li>2) Til turritt</li></ol>	
2016-03-29 / 5	<p><b>Sykkelkarusell</b></p> <p>Per Oddmund Flatane og Erik Stedje har meldt seg som ansvarlege. Dei får ansvaret for å planlegge dette vidare. Gjerne to rundar før ferien og to etter. Cathrine og Weronica kan også hjelpe til.</p> <p>Cathrine tek dialog med Per Oddmund/Erik</p>	Cathrine